

Dato: 24.04.20

Vurdering etter Forskrift om konsekvensutgreiing

Kanalveien 11
5068 Bergen
+47 55 300 600
post@holon.no

Forskrift 21. juni 2017 nr. 854 om konsekvensutredninger (KU-forskrifta), §§6 og 8, gir at følgande private planar etter plan- og bygningslova skal konsekvensutgreiast:

1. Reguleringsplanar som opnar for tiltak i vedlegg I (§6 bokstav b).
2. Reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, dersom tiltaka kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn (§8 bokstav a).

Planer og tiltak etter vedlegg I skal alltid konsekvensutgreiast. Det følger av vedlegg I punkt 25 at nye fritidsbustadområder er i strid med overordna plan utløyser krav om konsekvensutgreiing. Fritidsbustader i planforslaget er i tråd med Kommunedelplan for Lindåsosane og utløyser ikkje krav om konsekvensutredning etter §6.

Når det gjelder KU-forskrifta §8 bokstav a, går det frem av vedlegg II punkt. 13 at endringar av tiltak nemnt i vedlegg I og II kan utløyse krav om KU, dersom endringen kan få vesentlege verknader. Vedlegg II punkt 12, bokstav b, gir at lystbåthamner kan utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Planforslaget åpner for småbåthamn, ikkje lystbåthamn. Ifølgje småbåtlova er ein småbåt inntil 15 meter. Eksisterande båter i området faller innunder definisjonen av småbåt. Planforslaget opnar ikkje for tiltak opplista i KU-forskrifta vedlegg II.

Planforslaget utløyser ikkje krav om KU etter §8 bokstav a.

Vurdering etter KU-forskrifta §10



Skulle småbåthamn ha utløyst krav om vurdering av verknader etter KU-forskrifta §10, ville planen framleis ikkje ha utløyst krav om KU.

Endringene av areal avsett til småbåthamn i gjeldande reguleringsplan/KDP er som følgjer:


1. Areal avsett til småbåthamn utanfor BUN1 er flyttet noko lenger sør.
2. Småbåthamn i tilknyting til BUN2 har fått ein mindre utviding i sør.

Bakgrunna for endringane er å flytte arealformålet i tråd med eksisterande flytebrygger, samt inkludere tilstrekkeleg areal for manøvrering og forankring.

Endringane er synleggjort i illustrasjon på neste side. Denne var oversendt til kommunen i forkant av utsending av varsel om oppstart.



I vurderinga etter KU-forskrifta §10 skal det ses hen til tiltakets egenskaper, lokalisering og påverknad på omgjevnadane. Endringa medfører at areal for småbåthamn er i tråd med eksisterande situasjon, samt at forankring og manøvreringsareal er sikra innanfor arealformålet. Endringa medfører ikkje ein auka



bruk av sjøarealet og opnar heller ikkje for ytterligare flytebrygger enn i gjeldande plan. Konklusjonen er således at endringa ikkje vil få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta §10.

Med vennlig hilsen
Sunniva Skålnes Samdal
Jurist